



# DEN NORSKE KYRKJA

## Ørskog sokneråd

Fornyings, administrasjons og kirkedepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo

Vår ref.: 008.0 83 - 2010

Dykkar ref.:

Datert: 06.09.10

### Høyring - endringar i gravferdslov og kyrkjelov

Ørskog sokneråd/kyrkjelege fellesråd har i møte den 01. september 2010 hatt følgjande sak til handsaming:

#### ØKF 50/2010 Høyring om forslag om endringar i gravferdslova og kyrkjelova

##### VEDTAK

Ørskog sokneråd si høyring i høve endringar i gravferdslov og kyrkjelov:

- Ørskog sokneråd er godt nøgd med hovedmodellen som slår fast at kyrkjeleg fellesråd framleis har ansvar for gravferdsforvaltninga.
- Ørskog sokneråd støttar også ein faneparagraf om respekt for avdøde sin religion og livssyn, og at det skal vere muligkeit til gravlegging i særskilt tilrettelagt grav. Soknerådet meiner likevel at det framleis er naturleg for folk flest å kalle gravstaden for kyrkjegard, særleg når gravstaden ligg i nærleiken av ei kyrkje.
- Kyrkjegarden må framleis kunne vigslast.
- Ørskog sokneråd meiner fristen for gravlegging skal vere som no, 8 dagar med høve til å forlenge fristen når det ligg føre tungtvegande grunnar til det.
- Forum for å drøfte ulike behov for dei ulike trus- og livssynssamfunn som er aktive på staden, må kunne sjåast på i ein interkommunal ramme for små kommunar. Det vil neppe vere behov for slike årlege møte i kvar kommune.

Ørskog kyrkjelege fellesråd

*Ester Walgermo*  
Ester Walgermo  
kyrkjeverje